



KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Dato: 20.02.2018
Vår ref.: 2018/108-3
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 18/27-1

Innspel til "Revidering av - Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2017 - V-0732"

Vi viser til brev av 3.1.2018 der fylkeskommunane kan komme med innspel til den årlege revidering av «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet»

Etter innspel frå kommunane i Hordaland kjem vi med ønske om føljande endringar:

Pkt 2.2.1 Krav til søker

Ved søknadar til KUD om godkjenning av vedtekter bør kommune/lag/organisasjon sende kopi av dette til fylkeskommunane

Pkt 2.2.8 ...krav til de enkelte vedlegg

3. Skilnad på kostnader for *prosjektering* og *administrasjon* bør forklaras. Dette bør også endrast/splittast i søknadsskjema/fagsystem

5. e. plan for drift av anlegg

For større anlegg, som f.eks. svømmeanlegg og idrettshall, skal det i tillegg legges ved en en plan for vedlikehold og utvikling av anlegget. Alle ordinære anlegg bør legge ved ein plan for vedlikehald. Her bør kunstgras også inn. Søknad må innehalde at det er drift og vedlikehald etter gjeldande føringar frå NFF og kva for tiltak dei gjer for å minke spreiing av granulat.

Pkt 2.6.4 Fastsatte tilskuddsrammer

Tilskot for *Lys til utendørsanlegg* er inntil kr 700 000,-, men til lysanlegg for fotball er det inntil kr 300 000,-. Dette bør spesifiseras og kanskje ta med ei forklaring.

Sandvolleyballbane og Sandvolleyballhall bør inn under Ordinære anlegg. Mange har anlegg berre for konkurransar, då blir det vanskeleg med nærmiljøanlegg for å følge reglar om eigeorganisert aktivitet.

Friluftslivsanlegg

Det bør tydeleggjera at rullestolrampe/baderampe for utkjøring av rullestolar knytt til badeplassar kan vere berettiga til spelemidlar. No står dette berre under punktet generelle merknader under friluftslivsanlegg. Det bør på lik line med andre søknadsberettiga anleggstypar synleggjeras med ei kort skildring og mogleg søknadssum.

Det bør vurderast om badeplassar/badestrender kan søkje om tilskot. Dette er tilrettelegging som gir mykje aktivitet.

Turveg

Sherpastiar bør vere eige punkt under Turveg. Dette er kostnadskrevjande arbeid som ofte ikkje oppfyller krav om minimumslengde på turveg, men som gir stor aktivitet i bratt og elles utilgjengeleg terren.

Ønskjer ein anna definisjon på kva som er nærmiljøanlegg og kva som er ordinære anlegg når det gjeld turveg/sti. Lengde tursti er ikkje alltid naturleg å bruke. Kostnad er ein betre målestokk.

Skilting/merking

Det er ønskje at standardane i Merkehandboka skal følgjas frå og med tildeling i 2019. Det vil vere viktig for å sikre heilsakeleg og gjenkjenneleg skilting av turruter i Noreg. Erfaring frå Turskiltprosjektet viser at rundt 2/3 av alle skiltprosjekt har ein lågare kostnad enn kr 50 000,-. For å sikre at viktige nærmiljøprosjekter ikkje fell utanfor ønskjer vi at minstesatsen reduserast for Skilting/Merkning. Alternativt kan tilskot til Skilting/Merkning tildelast gjennom ein av de andre postane på hovudfordelinga og tildelas fylkeskommunane utanom post 1.1.

Vedlegg 2

Særlege tilskottssatsar i pressområder gjeld for 2015 til og med 2018. Vi håper dette held fram utover tildelingsåret 2018.

Føresegner om tilskot til løpetiltak i fjellet og overnatningshytter

Kommunar må også kunne søkje her, ikkje berre vere eigar. Kommunane har eigedomsrett/forvaltningsansvar for mange friluftsområder. Det vil vere naturleg at kommunane etablerer overnatningshytter på nokre av desse stadane.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.